

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 26.09.2018 kl. 10:30
Sted: Sogndal
Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Åse Neraas, Karin Stormo, Cecilie Engen Fredheim, Luna Karoline Lester Turøy, Thomas Mårstøl Reite, Gunnar Birkeland (unntatt sak 76,77 og O-7/18)

**Møtende
varamedlemmer:** Håvard Ulstein

Forfall: Marit Ubbe

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART		
Vedtakssaker		
<u>69/18</u>	17/00097-92	Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll
<u>70/18</u>	18/04947-4	Strategi for HVL
<u>71/18</u>	17/10846-3	Eigarskap ved Høgskulen på Vestlandet – retningslinjer og oversikt over HVL sitt eigarskap i aksjeselskap
<u>72/18</u>	18/04371-2	Innspill til høringssvar - forslag fra utvalg om endring i stillingsstruktur
<u>73/18</u>	18/07552-1	Status kompetanse (fagleg/fakultetvise) og prosess for vidare arbeid med kompetanseutvikling
<u>74/18</u>	18/07634-1	Lokale lønnsforhandlingar i 2018
<u>75/18</u>	18/01366-3	Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) - orientering til styret
<u>76/18</u>	18/07815-1	Utvikling av verksemdsmål for HVL
<u>77/18</u>	17/00146-39	Evaluering av rektor sitt arbeid
Orienteringssaker		

<u>O-7/18</u>	17/00146-38	Orienteringar frå rektor, styremøte 07/18
O-7/18-1	-	Referat frå IDF-møte
O-7/18-2	-	Årshjul og fastsetting av møtestad styremøter 2019
O-7/18-3		Signering av Magna Charta
Eventuelt		
E-7/18-1	-	Fotografering av styret
E-7/18-2	-	Eigenfinansierte stipendiatstillingar

Sogndal, 26.-27.09.2018

Arvid Hallén

69/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	69/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 07/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 06/18.

Møtebehandling

Styreleiar ønskte velkommen og orienterte om plan for møtet og styreseminaret. Det vart avklart at sak 77/18 handsamast i lukka møte.

Styret hadde ikkje merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll.
To saker vart meldt til eventuelt i løpet av møtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 07/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 06/18.

70/18 Strategi for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	70/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner strategi for HVL 2019-2023 med rektors merknader.
2. Styret går gjennom strategien på nytt i 2021 og gjer eventuelle naudsynte justeringar

Møtebehandling

Rektor presenterte saka. Styret fekk utdelt utkast til grafisk versjon av strategidokumentet i forkant av møtet.

Styret diskuterte saka og takka strategigruppa for det gode arbeidet. Styret var nøgd med prosess, format, språkføring og innhald på strategidokumentet, og sjølv om mange moment i strategien har fellestrekk med andre liknande institusjonar har ein lukkast med å framheve HVL sin eigenart.

Styret bad strategigruppa og rektor om å vurdere korleis dei følgande momenta kan ivaretakast i det endelege strategidokumentet:

- Gjere tydeleg kva vi legg i dei felles faglege satsingsområda.
- Tydeleggjering av samfunnsoppdraget.
- Kvalitetssystemet bør nemnast i utdanningskapitlet.
- Vurdere om den profesjons- og arbeidslivsretta profilen i tillegg til å gjelde overordna også bør inn som eige felles fagleg satsingsområde. Momentet må bli forsterka.
- Tydeleggjere at dei tilsette er vår viktigaste ressurs.
- Framheve samspel på tvers av studiestader som eit ledd i organisasjonsbygginga.
- Vurdere om lærarutdanninga bør framhevast særskilt i teksten.
- Vurdere ein setning om korleis det felles faglege satsingsområdet folkehelse skal rettast inn mot studentane.
- Vurdere om ein kan tydeleggjere koplinga mellom forskning, undervisning og internasjonalisering.

Styremedlemma vart oppmoda om å sende eventuelle konkrete forslag til språklege justeringar til strategigruppa i etterkant av møtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner strategi for HVL 2019-2023 med styrets merknadar.
2. Styret går gjennom strategien på nytt i 2020/2021 og gjer eventuelle naudsynte justeringar.

71/18 Eigarskap ved Høgskulen på Vestlandet – retningslinjer og oversikt over HVL sitt eigarskap i aksjeselskap

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	71/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtek reglement og retningslinjer for høgskulen sin eigarskap som det går fram av denne styresaka, og ber om at desse vert lagt til grunn for eigarstyringa og for utvikling av eigarskapspolitikken.
2. Styret tar oversikta over høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Bra at ein no får eit permanent reglement for HVL sitt eigarskap, og nyttig for styret å sjå oversikta over dei selskapa HVL har eigarandelar i.

Styret samd i at hovudprinsippet for at HVL skal vere eigar i aksjeselskap må vere fagleg, men finansiell gevinst er ein bra bonus. Styret ser fram mot å få sak om eigarskapspolitikk til handsaming. Viktig at eigarskapspolitikken vert utforma slik at det blir mogleg å nytte eigarskap som strategisk verkemiddel.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtek reglement og retningslinjer for høgskulen sin eigarskap som det går fram av denne styresaka, og ber om at desse vert lagt til grunn for eigarstyringa og for utvikling av eigarskapspolitikken.
2. Styret tar oversikta over høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap til orientering.

72/18 Innspill til høringssvar - forslag fra utvalg om endring i stillingsstruktur

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	72/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret ber om at høgskulen gir høringssvar i samsvar med saksframstillinga og dei synspunkta som kom fram i styremøtet

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka og prosessen for å samle innspel frå HVL til høyringa.

Styret diskuterte saka. Støtta for det meste dei innspela som låg føre i saksframlegget, men med nokre atterhald:

- Positivt at ein legg til rette for å nytte post dok som kvalifiseringsstillingar, meir bruk av fakultetsprofessor, og dessutan innføringa av ein fagstøttestige.
- Støttar at ein ber om ei tydeleggjering av kva ein vil med FL-stigen.
- Forskarkategorien kan bli meir relevant for HVL i framtida, sjølv om hovudmodellen for oss vil vere stillingar som kombinerer forskning og utdanning.
- Ei eventuell utfasing av dosentløpet vil få konsekvensar for våre tilsette. Bør be om ei tydeleggjering av korleis dosentane og førstelektorane sin kompetanse skal nyttiggjerast i den nye strukturen, og kva karrierevegar som skal vere opne for dei.
- Vi må ikkje kategorisk avvise eit tredje doktorgradsløp, men må problematisere kva konsekvensar det vil få for det tradisjonelle løpet, mtp. at den ordinære doktorgraden bør kunne fange opp heile bredda i fag og problemstillingar.

Det kom elles innspel på at ein bør sjå på måtar å sikre god involvering og engasjement i organisasjonen i høyringsprosessar som gjeld viktige overordna tema.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret ber om at høgskulen gir høringssvar i samsvar med saksframstillinga og dei synspunkta som kom fram i styremøtet.

73/18 Status kompetanse (fagleg/fakultetvise) og prosess for vidare arbeid med kompetanseutvikling

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	73/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia og Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, gav utdjupande informasjon.

Styret diskuterte saka. Styret takka for saka og for det innblikket i kompetansesituasjonen som den gir. Positivt at det er ein auke i tal førstekompetente.

Desse momenta kom opp i styrets diskusjon:

- Ein del av den kompetansen HVL har behov for finst ikkje på marknaden. Må vere kreativ og løysingsorientert i ekstern rekruttering og samstundes legge til rette for at ein kan bygge opp slik kompetanse internt.
- Opprykk får konsekvensar for arbeidsplanar, viktig at HVL har mekanismar på plass som sikrar at auke i forskningstid ikkje går negativt utover studietilbodet.
- I framtidige oversyn over kompetanse i organisasjonen ønsker styret i tillegg til fakultetsvise oversikter også tal for dei ulike studiestadene.
- Det kom innspel på at HVL bør vere ambisiøse og legge måltal for førstekompetente høgare enn der lista er lagt av KD.
- Viktig å ikkje sjå seg blind på kravet om førstekompetanse i universitetsakkrediteringssamanheng. For å levere utdanning og forskning av høg kvalitet treng vi også å byggje andre typar kompetanse i organisasjonen.

Styret ser fram til å få ny sak om kompetanse og kompetanseutvikling, inkl. informasjon om kva tiltak ein vil nytte for å heve kompetansen i organisasjonen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

74/18 Lokale lønnsforhandlingar i 2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	74/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret syner til rektors omtale i saka, og løyver kr. 1 500 000 til tilskot til potten. Tilskotet blir fordelt forholdsmessig på dei to avtalane.
3. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane til styremøtet i januar.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte saka.

Styret gav honnør for at ein er godt i gang utviklinga av ein heilskapleg lønnspolitikk for HVL og at det er eit godt samarbeidsklima mellom partane. Fornuftig å skyte inn ekstra midlar til årets oppgjær for å gje eit større handlingsrom til å gjere strukturelle grep for å følgje opp den retninga som er lagt i lønnspolitikken.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret syner til rektors omtale i saka, og løyver kr. 1 500 000 til tilskot til potten. Tilskotet blir fordelt forholdsmessig på dei to avtalane.
3. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane til styremøtet i januar.

75/18 Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) - orientering til styret

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	75/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering

Møtebehandling

Rektor innleia og Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, presenterte saka.

Styret diskuterte saka og var positive til at ein vil følgje opp resultatane i læringsmiljøutval, på campus og i fakultet. Styret hadde elles følgjande kommentarar:

- Kunnskapsdeling på tvers av studiestader viktig i samband med vurdering av tiltak.
- HVL sitt fokus må vere på å skape gode læringsmiljø. Mange av problemstillingane kan ikkje HVL løyse aleine, i oppfølginga må ein samarbeide med andre aktørar, t.d. kommunane, samskipnaden, næringslivet osv.
- Resultata må sjåast i samanheng med studiebarometeret.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

76/18 Utvikling av verksemdsmål for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	76/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret har følgende innspel til det vidare arbeid med verksemdsmål og årsplan for HVL (vedtakspunkt blir utforma i løpet av styreseminaret)

Møtebehandling

Styreleiar innleia.

Styret hadde i forkant av handsaminga av saka hatt styreseminar fordelt over to dagar. Styret gav ros for god metodikk i styreseminaret, positivt med oppsummering av bakgrunnsmateriale som utgangspunkt for diskusjonar i grupper og plenum. Styret positive til at ein køyrer liknande prosessar i styreseminar ved seinare høve.

I seminaret diskuterte styret ulike verksemdsmål knytt til dei ulike strategiske satsingsområda i den vedtekne strategien og gjorde ei prioritering av område som er viktig å legge inn i målstrukturen for 2019. Styrets innspel blir tatt med i det vidare arbeidet med årsplanar på institusjons- og fakultetsnivå. Styret får sak med utkast til årsplan til handsaming i november.

Det vart ytra ønske om at ein oppmodar dekanane om å delta på framtidige styreseminar.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styrets innspill i styreseminaret tas med i det vidare arbeidet med verksemdsmål og årsplan for 2019.

77/18 Evaluering av rektor sitt arbeid

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	26.09.2018	77/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret sine innspel i saka dannar grunnlaget for styreleiar sin medarbeidarsamtale med rektor.
2. Styret peikar ut *NN* som representant frå styret til styreutval. Andre medlemmer er styreleiar Arvid Hallén og nestleiar Kari Kjenndalen.

Møtebehandling

Saka vart handsama i lukka møte. Styreleiar tek med seg innspela frå styret til medarbeidarsamtale med rektor.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret sine innspel i saka dannar grunnlaget for styreleiar sin medarbeidarsamtale med rektor.
2. Styret peikar ut *Sissel Johansson Brenna* som representant frå styret til styreutval. Andre medlemmer er styreleiar Arvid Hallén og nestleiar Kari Kjenndalen.

Saknr	Arkivsak	Tittel
O-7/18	17/00146-38	Orienteringar frå rektor, styremøte 07/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek sakene til orientering.

O-7/18-1 Referat frå IDF-møte

Referat frå IDF-møte blei sendt ut til styret ved møtestart første dag.

O-7/18-2 Årshjul og fastsetting av møtestad styremøter 2019

Styret hadde ikkje kommentarar til årshjulet.

Styret hadde følgjande innspel til fastsetting av møtestad for 2019:

- Styret positive til at ein held fram med rullering på studiestad. Ein fordel at det nye styret får besøkt alle campus tidleg i sin funksjonsperiode.
- Gjere meir ut av det når ein har todagarssamlingar ved ulike campus, t.d. med å ha campusrelevante saker på sakskartet eller anna opplegg som gjer at styret kan bli betre kjent med studiestadene.
- Justere tidspunkta for todagarssamlingane så ein berre treng ei overnatting.
- Ein bør teste ut digitale styremøter.

O-7/18-3 Signering av Magna Charta

Rektor orienterte om besøk til Salamanca og signering av Magna Charta.

Styret var samd i at det er flott at HVL no har forplikta seg til dei same klassiske verdiane som understøttar fridom og autonomi i forskning og at ein er i godt selskap med mange andre (europeiske) institusjonar. Det vart peika på som viktig at ein syter for at desse verdiane også må vere synlege i HVL sin strategi.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek sakene til orientering.

Eventuelt

E-7/18-1 Fotografering av styret

I samband med styremøte 08/18 skal styret fotograferast og møtet blir difor

utvida med ein halvtime. Ny møtetid: 10:00-15:30.

E-7/18-2 Midlar til eigenfinansierte stipendiatstillingar

Saka vart meldt av Tom Skauge.

I det gamle HiB styret vart det sett av 20 millionar til universitetsfond. Oppmodar administrasjonen om å undersøke status på desse midla. Sidan HVL ikkje har fått KD-midlar til fleire stipendiatstillingar bør ein vurdere å be styret om å sette av midlar til eigenfinansierte stipendiatstillingar/universitetsambisjonen i budsjettet for neste år.

Rektor føl opp saka. Må klarast opp kor desse midla er bokført per i dag før ein kan legge fram noe konkret forslag på dette til styret.
